

Referat FAU møte 23.02.2017

Tilstades:

Administrasjon: Marie Elisabeth Kaldestad og Eva Refvik

Klassekontaktar: Bente Tveit, Guro Rørvik og Siv Olaug Vågen Eikenes

FAU: Karl Petter Vårdal, Morten Vatterdal, Marie Larssen, Rune Vik, Jan Helge Røssland, Eirin

Seljestad, Jeanne Marie Børretzen og Rune Slettebakken.


Sak 1: Godkjenning av referat.

Referat frå førre møte 12.01.2017 vart godkjent utan merknader.

Sak 2: Trafikk.

Einingsleiar for veg og park i Kvinnherad kommune, Per Inge Naterstad, var til stades for å orientera om ny Opsangerveg og svara på spørsmål.

Han kunne fortelja at det skulle byggjast 1700 meter veg og VA-anlegg. Blant anna ny busshaldeplass ved Husnes ungdomsskule og Underheim skule. Her vil ein heve parkeringsplassen, og fjerna trapp ned og opp til Underheim sin skuleplass.



Den nye vegen vil ha 3 meter gang/sykkelveg, 1,5 meter rabatt og to felts bilveg.

Kontrakt vart tildelt Vassbakk & Stol, og arbeidet vil bli delt i tre fasar, med oppstart uke 11, og forventa total byggetid er 1,5 år. Ein vil starta ved Rema 1000 til Kulturhuset, og her kjem ein til å stengja vegen med omkjøring på oppsida av senteret. I fase to frå Husnes camping til Underheim, vil ein ha lysregulering. Hidleveregen vil ikkje kunna nyttast som omkjøring, og vil bli skjerma for mjuke trafikantar.

Arbeidet ved skulen vil ein prøva å gjera så mykje som mogleg i skuleferien.

Når arbeidet tek til, ønskjer entreprenøren å komma på skulen til elevane med ein «blindsone aksjon» for å informera elevane om trafikksikkerheit i forbindelse med det planlagde arbeidet.

Sak 3: Veglys ved gymsal.

Karl Petter Vårdal etterlyste også manglande veglys ved inngangen til gymsalen. Dette lova Per Inge Naterstad å sjå på då han forlét møte. I ettertid bekrefta Per Inge Naterstad på mail at veglysa var därleg, og lova å sjå nærmere på kva han kunne få til her.

Sak 4: Aktive Barn – Tryggare Skuleveg.

Kampanjen er starta og alle elevane frå 1. til 7. trinn er med. Her må FAU søke om midlar til premiar. Jan Helge Røssland kontaktar Knut Olav Røssland Nestås i Trygg trafikk. Rune Slettebakken kontaktar frisklivskoordinator Geir Ove Fosse i Kvinnherad kommune, Kvinnherad Energi og Hordaland Fylkeskommune.

Sak 5: Elevkveld.

Det vert elevkveld 23.03. 1. til 4. trinn frå 17:00 til 18:30. 5. til 7. trinn frå 19:00 til 20:30. Her blei «gratisprinsippet» på skulen diskutert, blant anna om klassekontoen kan nyttast i slike samanhengar. Dette er ei sak klassekontaktane bør diskutera i dei ulike trinna. På arrangementet 23.03 blir det gratis og ikkje kiosk, men det blir saft og pizzasnurrar som foreldra bakar. Rune Slettebakken lagar skriv til klassekontaktar, elever og arbeidsliste.

Sak 6: Fleirbrukshall.

FAU etterspør utkast til fleirbrukshall. Karl Petter Vårdal lager eit skriv der han etterlyser retningslinjer for bruk av hallen på dagtid, samt svar på innspeil FAU sendte med skulen sine behov.

Sak 7: Økonomi.

Utgiftene til julefesten var kr. 16.997,95 inntekter 6553,- resultat underskot kr. 10.444,95 FAU har per 23.02.2017 kroner 62.678,70 på konto.

Er det nokon som har forslag til korleis FAU kan skaffa inntekter?

Neste møte blir 27.04.2017 kl. 18:30 på personalrommet.

Ref. Rune Slettebakken